



**Program for
Bø Venstre
2015 - 2019.**

VENSTRE
Folk først.



BØ KOMMUNE



Me skal fortsette med å utvikle Bø til ein av Noregs trivelegaste stader å bu.

[www.venstre.no/lokal/telemark/
boitelemark/
facebook.com/bø venstre](http://www.venstre.no/lokal/telemark/boitelemark/)

Det du held i hendene dine nå, er programmet til Bø Venstre for dei neste fire åra. Der skal me fokusere på kva me ynskjer å oppnå for kommunen framover. Men fyrst vil eg som ordførar dvele litt ved dei siste fire åra.

Fyrst og fremst vil eg takke alle dei som stemte på oss ved valet i 2011. Eg håpar de synest at me har levd opp til forventingane - eg kan i alle fall love at me har gjort så godt me kunne. Me håpar sjølvsagt på fornya tillit fordi fire år er kort tid i politikken.

Eg har lyst til å gje tidlegare ordførarar og politikarar honnør for den jobben dei har gjort. Bø er ein føregangskommune på mange område, og i eit demokrati er det slik at ein ikkje startar på null

om den politiske leiinga skiftar ved eit val. Ein står på skuldrene til kvarandre når ein byggjer lokalsamfunn.

Gjennom mange år har den økonomiske situasjonen i Bø kommune vore vanskeleg. Det finst mange grunnar til det, men det har vore maktpåliggande for Bø Venstre å få dette under kontroll. Ein kan ikkje fortsette å bruke meir pengar enn ein har. Gjennom omstrukturering av kommunen og ein total økonomisk gjennomgang for å sjå kor og korleis pengane blei brukt, har me etter kvart begynt å få kontroll over økonomien. I 2016 skal me etter planen vere ute av ROBEK.

Bø Venstre har hatt mange gode saker dei siste åra, og resultatata kan tale for seg sjølv: I dei siste tala me har, er Bø heilt i teten i landet når det gjeld befolkningsvekst, kultur, frivilligheit osv. Me ligg på topp i Telemark når det gjeld næringsutvikling og auka tal på arbeidsplassar. Høgskulen har aldri hatt fleire studentar, og undersøkingar viser at dei trivst svært godt. Bø Sommarland går betre enn på mange år.

I programmet til Bø Venstre vil du finne kva me vil satse på framover. Her vil du sjølvsgt finne ein god del nye satsingar, men eg trur det viktigaste er at me vidarefører den gode utviklinga Bø er inne i. Det betyr at Bø treng ei god og stabil leiing.

Godt val!

Olav Kasland, ordførar (V)

Fyrst og fremst vil eg takke alle dei som stemte på oss ved valet i 2011.

SKULE

Skulane i Bø har ein utfordrande økonomisk situasjon, sjølv om me har forsøkt å skjerme dei og prioritert dei i årets budsjett. Bø-skulen skal vere eit prioritert område for Bø Venstre framover. Objektive tal viser at skulane i Bø vert drive rimeleg, sannsynleg for rimeleg. Til tross for dette kan Bø-skulane vise til svært gode resultat. I resultatata frå nasjonale prøver skårar Bø-skulane blant dei beste i Telemark. Det har òg blitt satsa mykje på kvalitet i skulane gjennom målretta satsingar som til dømes Veilederkorpset i regi av Utdanningsdirektoratet. Både barneskulane og ungdomsskulen er med på desse statlege og kommunale satsingane på fagleg og organisatorisk kvalitet. Dette viser allereie gode resultat.

Kvardagen til ungane har endra seg mykje dei siste åra. Den har blitt meir hektisk og krevjande. Det er òg dokumentert at utdanninga til foreldra, og deira evne til å hjelpe ungane med heimelekser, har auka skiljet mellom dei som lukkast i skulen, og dei som ikkje gjer det. Dette ynskjer Bø Venstre å motverke.

Bø Venstre vil:

- ✓ **prioritere skulane økonomisk**
- ✓ **satse på lærarane**
- ✓ **styrke tidleg innsats i skulen**
- ✓ **auke lærartettleiken**
- ✓ **vere ein aktiv skuleeigar**
- ✓ **ha null-toleranse mot mobbing**
- ✓ **jobbe for at Venstre sentralt og Stortinget gjennomfører ein reform for å få til utvida og leksefri grunnskule, men på ein slik måte at foreldra blir sterkt involvert i ungene sin skulegang**



Bø-skulen skal vere eit prioritert område for Bø Venstre framover.

BARNEHAGE

Barnehagane vert drivne både rimeleg og svært godt i Bø. Det er om lag ein 50/50 deling mellom offentlege og private barnehagar. Dei siste åra har det vore investert mykje i bygging og rehabilitering av barnehagane. Alle saman er nå av ein framifrå kvalitet. Investeringane har også blitt gjort slik at ein i dag ikkje fullt ut brukar alle areal, og kommunen er derfor i stand til å ta imot befolkningsveksten.

I dag overheld Bø kommune fullt ut det lovpålagte inntaket til barnehagane, slik alle kommunar får økonomisk dekning til å gjere. Desse statlege ordningane gjer at fleire barn som er født litt seint på året, ikkje får plass.

Å få ein god start i livet gjennom ein god og trygg oppvekst, noko som barnehagane er ein viktig del av, betyr veldig mykje for korleis du får det vidare i livet. Det blir derfor satsa mykje på den faglege kvaliteten i barnehagane.

Bø Venstre vil:

- ✓ **fortsatt satse på kvaliteten i barnehagane**

- ✓ **forsøke å styrke barnehagane økonomisk**
- ✓ **jobbe for at sentrale myndigheter finansierer minimum to opptak i året, helst eit fleksibelt opptak**
- ✓ **legge til rette for at overgangen mellom barnehage og skule skal bli den beste**

Barnehagen er ein viktig del av ein god og trygg oppvekst.

SFO

Skulefritidsordninga er i dag ei frivillig ordning for 1. – 4. klasse. Her blir ungane tatt godt vare på, men det finst ikkje sentrale kvalitetskrav slik det gjer for skule og barnehage. Det er heller ikkje krav til kva for kompetanse dei tilsette skal ha.

Bø Venstre vil:

- ✓ **jobbe for at SFO blir del av ein utvida skuledag**
- ✓ **kartlegge moglegheita for å innføre kvalitetskrav i SFO**
- ✓ **vere i dialog med leiinga og dei tilsette ved SFO og sjå på kva for innhald SFO skal ha saman med dei**

HELSE OG VELFERD

Drifta innanfor helse- og velferdssektoren tar om lag 45 % av budsjettet til kommunen. Ei riktig drift av denne sektoren betyr veldig mykje for heile kommunen, og for den enkelte brukar. I den førre perioden prioriterte Bø Venstre bygging av ny sjukeheim og omsorgsbustader. Denne investeringa er gjennomført innanfor budsjettet og på tida. Dei eldre som treng omsorg i ein institusjon, vil i mange år få det under gode forhold i nye og flotte bueiningar.

Bø Venstre har vore tydelege på at innbyggjarane skal få bu heime



så lenge som mogleg, men at det må henge saman med tryggleik for den enkelte. Denne jobben ynskjer Bø Venstre å vidareføre. På fagspråket snakkar ein om omsorgstrappa. Fyrste trappetrinn er heimetenester, andre trappetrinn er omsorgsbustad, tredje trappetrinn er omsorgsbustad med hjelp, og det siste trappetrinnet er sjukeheimsplass.

Bø Venstre vil stå fast på kommunens mottak av flyktningar. Bø kommune er ein av dei kommunane i Telemark som tar imot flest flyktningar sett i forhold til innbyggartalet. Vaksenopplæring, som nå er interkommunalt med Nome, og integrering vil også framover vere heilt vesentleg for å gje nye innbyggjarar eit best mogleg liv.

NAV har over mange år hatt store utfordringar i Bø. Kort fortalt er det for mange sosialklientar på NAV i Bø samanlikna med andre kommunar. Det siste året har eit systematisk arbeid gjeve resultat, og utgiftene har gått noko ned, men ein er ennå ikkje i mål.

Venstre vil sikre aktivitetssenteret for dei eldre.

Bø Venstre vil:

- ✓ **vidareføre arbeidet med å gjere omsorgstrappa så god som mogleg for brukarane**
- ✓ **sikre aktivitetssenteret for eldre**
- ✓ **styrke helsesøstertenesta, spesielt for ungdom**
- ✓ **fortsette opprustinga av kommunale bustader**
- ✓ **at Bø kommune skal ha rundt 60 flyktningar til ei kvar tid, men Bø Venstre er opne for i tillegg å være med på ein nasjonal dugnad for å ta imot syriske flyktningar dersom staten legg det økonomisk til rette**
- ✓ **at NAV held fram med det systematiske arbeidet for å få ned talet på sosialklientar**
- ✓ **at Bø kommune skal fortsette å vere ein såkalla friby for forfulgte forfattarar**

KULTUR OG FRIVILLIGHEIT

I 2014 blei me nest beste kulturkommune av 428 kommunar, berre slått av Røros. Dette er ei stor anerkjenning av samspelet som skjer mellom dei frivillige og Bø kommune, og det er ikkje tilfeldig. Bø har gjennom mange år ligge blant dei ti beste kulturkommunane i Noreg.

Bø Venstre ser ikkje på kultur som «pynten på kaka» men meir som «gjær» som gjer at eit samfunn veks og vert kultivert. I



tillegg til arbeidsplassar og gode tilrettelagte bustadområde meiner me at kultur og frivillig arbeid er ein viktig grunn til at Bø veks, og at folk trivst. Som eit bevis på dette hadde Bø den 16. høgaste veksten i landet i 2014. Det kjem ikkje av seg sjølv.

I dei siste åra har dei mange frivillige organisasjonane fått til mykje saman med kommunen. Ein kan nemne eksempel som utlånssentral saman med Frivillighetsentralen, ski- og skiskyttaranlegget på Nordbøåsen og kunstgrasbane på Sandvoll. Bø Venstre vil vidareutvikle det gode samarbeidet gjennom god dialog, felles møteplassar og samarbeid om prosjekt der det er formålstenleg.

Bø Venstre har også tatt initiativ og fått gjennomført Aktivitetskortet som blir gjeve til barn og unge som av økonomiske grunnar ikkje får vere med på ulike aktivitetar, slik at dei nå får tilgang på fleire av tilboda i til dømes Gullbring, på kino eller i Bø Sommarland.

Kulturskulen i Bø leverer svært gode tenester. Ein kunne nok ynskje seg at ein ikkje hadde ventelister, men dersom me samanliknar talet på elevar i Bø kulturskule med andre samanliknbare kommunar, ligg me godt an.

Bø kino er den tredje best besøkte kinoen i Telemark, og korrigerer ein for innbyggartalet, er me den

desidert mest besøkte kinoen. Bø kino og kinosjefen har også vunne nasjonale prisar for god drift. Bø bibliotek har fått ei ansiktsløfting og gjort det absolutt beste ut av lokala dei har. På sikt bør Bø bibliotek få nye moderne lokale. Uansett er biblioteket eit av dei mest besøkte i Telemark.

Bø Venstre vil:

- ✓ **sikre ei god og effektiv drift av Gullbring som kommunens storstue og eit regionalt kultursenter**
- ✓ **utvikle Campus Bø til å bli eit kulturelt kraftsentrum i tillegg til satsinga på kompetansemiljøet**
- ✓ **vidareføre det gode**



samarbeidet med alle frivillige lag og organisasjonar i Bø

- ✓ **at Bø kommune skal vere blant dei 10 beste kulturkommunane i Noreg**
- ✓ **at kommunen skal gje støtte til rehabilitering av Gullbring kulturanlegg**
- ✓ **arbeide for å auke talet på elevar i Bø kulturskule**
- ✓ **utvikle Bø kulturskule til ein fullverdig kulturskule med fleire kulturtilbod**
- ✓ **styrke rammevilkåra til dei frivillige aktørane, etter kvart som kommuneøkonomien tillèt det**

Kultur og frivillig arbeid er ein viktig grunn til at Bø veks og folk trivst.

MILJØ

Å løyse dei globale klima- og miljøutfordringane ein har i dag, har i dei siste 50 åra stått sentralt i politikken til Venstre. Venstre på Stortinget har vore med på å forhandle fram eit klimamål der ein skal redusere klimautsleppa med 40 % innan 2030. Sjølv om Venstre kunne tenkt seg at dette gjekk raskare, samsvarar dette med måla til EU, som blir rekna som verdas mest ambisiøse klimamål. For å få til dette må kommunane

øg gjere sin del av arbeidet. Bø kommune har i så måte allereie gjort ein god del. Me har Bø fjernvarme som brukar flis til å gje varme til dei fleste store sentrale bygningane i Bø sentrum. Etter kvart har me fått eit nettverk av gang- og sykkelstiar (g/s-vegar) som legg til rette for mindre bruk av bil - det nyaste dømet er g/s-vegen til Bø Sommarland. Opprusting av Stasjonsvegen har kome på plass, noko som vil gje ein mykje betre framkomst for både gåande og syklande. Me vil få på plass fleire hurtigladarar for elektriske bilar. NSB har dobla sine avgangar på Sørlandsbanen, og det gjev oss eit veldig godt alternativ til bilen når me skal inn mot Oslo eller sørover. På



Bø Venstre sitt initiativ er det satt i gang arbeid med å miljøsertifisere Bø kommune, slik mange andre har gjort i Bø, blant anna Høgskulen. Fortettinga i Bø sentrum og opprustinga av Evjudalen er også eit viktig miljøtiltak.

Me vil få på plass fleire hurtigladarar for elektriske bilar.

Framover blir Bygdepakke Bø eit sentralt miljøtiltak. Hovudintensjonen med dette fleirårige prosjektet er å få fleire til å velje anten kollektiv transport, sykkel eller gåing, og det skal gjerast på ein positiv måte som aukar attraktiviteten til Bø kommune og Bø sentrum spesielt. Ingen av desse tiltaka, og fleire kunne ha vore nemnd, hadde kome på plass utan eit systematisk og bevisst politisk arbeid. Framover vil Bø Venstre fortsette denne utviklinga.

Bø Venstre vil:

- ✓ **fortsette satsinga på Bygdepakke Bø og jobbe for å få ned unødig bilbruk**
- ✓ **fortsette å jobbe for finansiering av fleire gang- og sykkelvegar**
- ✓ **ha miljøfokus i all arealplanlegging**
- ✓ **jobbe for at fleire miljøfyrtårnsertifiserer seg**

- ✓ **at Bø kommune skal velje el-bilar så langt råd er**
- ✓ **verne matjorda**
- ✓ **auke talet på hurtigladarar**
- ✓ **stimulere til frivillige initiativ som til dømes «Bærekraftig liv i Bø»**

NÆRINGSUTVIKLING OG TEKNISKE TENESTER

Næringsutviklinga i Bø har i dei siste åra vore god. Sidan 2000 har det blitt skapt 420 nye arbeidsplassar i Bø, noko som er på topp i Telemark. Arbeidslivet i Bø er variert. Me har relativt mange industriarbeidsplassar, fortsatt er handelsnæringa ei drivkraft, turismnæringa har dei siste åra tatt seg opp igjen, og så har me sjølvsagt kompetansearbeidsplassane. Alt dette må me ta vare på og vidareutvikle.

Sidan 2000 er det blitt skapt 420 nye arbeidsplassar i Bø.

Infrastruktur er viktig for oss for å ta vare på den gode utviklinga. Etter ein tøff politisk prosess fekk me på plass to-timars-

avgangar på Sørlandsbanen. Dei fleste regionale bussruter gjeng gjennom Bø, men dei lokale rutene kan bli betre. Vegstandarden skulle me ynskje blei betre, både kommunale, fylkeskommunale og statlege vegar, men ein må vere tydeleg på prioriteringane for å få gjennomslag.

Sjølv om gang- og sykkelvegane (g/s) i Bø har fått eit stort løft med den nye (g/s)-vegen til Bø Sommarland, er det andre område som òg må få sitt. Her har kommunen prioritert (g/s)-veg frå toppen av Langkåshaugen til Oterholt, men det er også andre område, som for eksempel langs Valenvegen.

25 millionar til opprusting av Stasjonsvegen og arbeidet med Bygdepakke Bø er døme på nye satsingar som me nyleg har fått på plass etter målretta arbeid dei siste fire åra.

Etter Bø Venstre si meining utfører Teknisk eining ein god jobb, tross tronge budsjett. Me har eit av landets beste drikkevatt og nytt kloakkanlegg blei opna i 2014. Mange næringsdrivande, spesielt entreprenørar og utbyggjarar, skryt av det konstruktive samarbeidet dei har med kommunen.

Bø Venstre vil:

- ✓ **fortsette å drive ei forutsigbar arealdisponering**
- ✓ **ta vare på jordbrukets interesser i Bø-samfunnet**
- ✓ **fortsette å vere ein næringsvenleg kommune**



gjennom å være forutsigbar og på tilbudssida

- ✓ **heile tida passe på at Sørlandsbanen skal drivast på om lag dagens nivå, eller betre**
- ✓ **framleis jobbe med prosjektet Bygdepakke Bø, slik at ein kan få ned interntrafikken og få fleire til å gå, sykle eller ta kollektiv transport**
- ✓ **vere ein aktiv medspelar i Midt Telemark Næringsutvikling (MTNU)**
- ✓ **legge til rette for at Bø held fram den gode trenden med utvikling av arbeidsplassar**
- ✓ **vektlegge godt vedlikehald av kommunale bygg, vegar og anlegg**

- ✓ **vere ein pådrivar for at lyntog gjennom Telemark, til Vestlandet over Haukeli, skal bli realisert**
- ✓ **vere ein garantist for at Høgskulen, vidaregåande og kompetansemiljø som for eksempel Telemarksforskning blir tatt vare på. Etableringa av Campus Bø må sjåast i denne samanhengen**

VENSTRE
Folk først.



ORGANISERING OG ØKONOMI

Organisering

Rett organisering av Bø kommune er viktig for å utnytte ressursane til kommunen best mogleg. Dette er grunnleggande for at me skal kunne gje innbyggjarane dei beste tenestene.

Bø Venstre har stått for ei omorganisering av drifta i Bø kommune. Etter den omfattande gjennomgangen som blei gjennomført, viste det seg tydeleg at ein måtte organisere kommunen på ein annan måte. Den enkelte tilsette blei ikkje

godt nok følgt opp, og ein hadde for høgt sjukefråvær. I 2014 var derimot sjukefråveret det lågaste det har vore på mange år i Bø kommune: 7,5 %. Gjennomsnittleg sjukefråvær i kommunane i Noreg er på 9,8 %.

For å få til dei økonomiske endringane ein ynskte, måtte ein lage ein tydelegare organisasjonsstruktur der ein klart viste kven som hadde ansvaret.

Når Bø kommune er ute av ROBEK, bør me evaluere om kommunen vår har ein optimal organisasjonsstruktur. Dette bør ein uansett gjere med jamne mellomrom slik at ein er sikker på at ressursane blir brukt så effektivt som mogleg til det beste for innbyggjarane i Bø.



Ny kommunestruktur har vore, og vil framover vere, ei dominerande politisk sak. Kommunestyret i Bø gjorde eit samrøysta vedtak i januar om at vi ynskjer å gå inn i eit forprosjekt med Nome, Sauherad og Seljord. Bø Venstre vil vere ein aktiv pådrivar i denne jobben. Likevel vil det alltid vere eit alternativ for Bø å fortsette som eigen kommune. Det som er svært viktig i denne prosessen, er at Bø har ei leiing som veit kva dette dreier seg om, og som kan lede kommunen strategisk riktig.

Bø Venstre vil:

- ✓ **fortsette arbeidet med å senke sjukefråveret ned til 6,7 % i løpet av perioden, som er IA målet for kommunal sektor.**
- ✓ **at det vert gjennomført ei evaluering av organiseringa av Bø kommune i løpet av valperioden**
- ✓ **at god leiing skal bli prioritert i Bø kommune slik at ein kan sjå, støtte og følgje opp den enkelte medarbeidar**
- ✓ **at det vert gjennomført medarbeidarundersøking**
- ✓ **at det vert gjennomført brukarundersøkingar**

Økonomi

Me trur det er godt kjent i Bø-samfunnet at økonomien i kommunen har vore dårleg i mange år. Det er mange grunnar til det, til dømes låg skatteinngang, lite

“Ein kan ikkje fortsette å bruke meir pengar enn ein har”.

eigne inntekter som for eksempel kraftinntekter og relativt låge overføringar frå staten. I tillegg har Bø mellom anna måtte investere mykje pengar i skular, barnehagar og sjukeheim fordi bygdebyen Bø har hatt sterk vekst. Dette belastar sjølvstøtt økonomien. Kommunen har nå gode skular og barnehagar. Bø Venstre vil gjere sitt til at staten skal ta eit større ansvar og finansiere kommunar som Bø på ein betre måte, men dette vil ta lang tid, og ein kan ikkje budsjettere med det. Kort fortalt er det to måtar å få orden på økonomien; auke inntekter og/ eller senke kostnader.

Bø Venstre vil:

- ✓ **vidareføre arbeidet slik at kommunen er ute av ROBEK i 2016**
- ✓ **sette tæring etter næring. Ein kan ikkje bruke meir pengar enn ein har**
- ✓ **bygge opp ein reserve slik at kommunen ikkje blir så økonomisk sårbar**

Bø trenger det
beste laget - stem
Venstre.



Dei 10 fyrste kandidatane på Venstrelista i Bø



1. Olav Kasland (f. 1961)
*Ordførar i
Bø kommune*



6. Bergit Myrjord (f. 1944)
*Pensjonert
bonde*



2. Kristin Ødegård Vestgarden (f. 1960)
*Fyrstekonsulent på
HiT, Kopisenteret*



7. Augon Eika (f. 1950)
*Kunderådgjevar i
Sparebanken Din*



3. Olav Lahus (f. 1968)
*Seksjonssjef i
Statens Vegvesen*



8. Heidi Elise Kvale (f. 1980)
*Kultur- og idretts-
konsulent i Nome
kommune*



4. Evy Beate Tveter (f. 1975)
*Høgskolelektor
i norsk språk på
HiT*



9. Jon Kvisli (f. 1961)
*Høgskolelektor i
informatikk på HiT*



5. Geir Sønstebo (f. 1951)
*Seniorrådgjevar i
KS-bedrift*



10. Tone Fremgård (f. 1970)
*avdelingsleiar ved
NAV Arbeidslivs-
senter Telemark*

Sjå heile Venstre-lista på siste sida.
Les meir om vår politikk og våre kandidatar på
våre nettsider.

www.venstre.no/lokal/telemark/boitelemark/
facebook.com/bøvenstre



VENSTRE



VENSTRE

**Bø treng Olav i 4 nye år
- stem VENSTRE.**



Bø Venstre sine kandidatar til valget 2015

- 1. Olav Kasland (1961)**
- 2. Kristin Ødegård Vestgarden (1960)**
- 3. Olav Lahus (1968)**
- 4. Evy Beate Tveter (1975)**
- 5. Geir Sønstebø (1951)**
- 6. Bergit Askildt Myrjord (1944)**
- 7. Augon Eika (1950)**
- 8. Heidi Elise Kvale (1980)**
- 9. Jon Kvisli (1961)**
- 10. Tone Fremgård (1970)**
- 11. Berih Ghebremedhin Ghebrehiwet (1978)**
- 12. Oddbjørg Nevestveit (1953)**
- 13. Kjell Stundal (1945)**
- 14. Aase Haukaas Gjerde (1967)**
- 15. Niri Kvammen Forberg (1994)**
- 16. Halvor Kleppen (1947)**
- 17. Anita Cecile Kirkevold (1969)**
- 18. Knut Eirik Hult (1973)**
- 19. Hilde Risan (1966)**
- 20. Mattis Willms (1978)**
- 21. Kim-Bjørn Jensen (1962)**
- 22. Hæge Straand Sunde (1941)**
- 23. Sigmund Anders Kvammen Forberg (1995)**
- 24. Birger Risnes (1935)**
- 25. Halvor Gåra (1946)**